

KOMMUNEDELPLAN

AVLAUP

2016 - 2023

Forslag til planprogram



Høyringsutkast

Høyringsfrist 5. oktober 2015

INNHALDSLISTE

1

| | |
|--|-----------|
| 1.0 Innleiing..... | 4 |
| 2.0 BAKGRUNN..... | 4 |
| 3.0 FØRINGAR OG MÅL MED PLANARBEIDET..... | 5 |
| 4.0 tema som skal utgreiast i kommunedelplanen..... | 7 |
| 5.0 Planprosessen..... | 8 |
| 5.1 FRISTAR..... | 9 |
| 5.2 DELTAKARAR OG ORGANISERING | 9 |
| 6.0 Medverknad | 10 |
| 7.0 Alternativ som vert vurdert | 10 |
| 8.0 Planområde | 11 |
| 9.0 Planperiode | 12 |
| 10.0 Forhold til konsekvensutgreiing | 12 |
| 11.0 Ferdig kommunedelplan | 12 |

1.0 INNLEIING

I § 4-1 i Plan- og bygningslova er det sett krav om planprogram for alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan ha vesentleg verknad for miljø og samfunn. Planprogram skal utarbeidast som grunnlag for planarbeidet ved varsling av planoppstart.

Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltararar, korleis ein kan medverke, særskild i høve til grupper som vert særleg råka, avklare viktige problemstillingar og utgreiingsbehov samt beskrive korleis planlegginga er tenkt utført.

Interesserte vert gjennom planprosessen inviterte til å gje innspel og synspunkt, før det endelige programmet vert fastsett.

Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker, samstundes som planoppstart vert varsla. Planprosessen vil bli gjennomført i samsvar med §11-12 til §11-15 i Plan- og bygningslova. Og skal danne grunnlag for vedtaket i formannskapet og vidare planarbeid.

Etter denne forprosessen, vert det utarbeida «Kommunedelplan avlaup for Kvam herad 2016-2023» på bakgrunn av fastsett planprogram.

2.0 BAKGRUNN

Kvam herad skal utarbeida ein ny hovudplan for avlaup. Eksisterande avlaupsplan er utarbeida for perioden 2006 – 2014, og må oppdaterast. Avlaupsplanen må også vurderast opp mot areal- og samfunnsdel i Kommunedelplanen, og planar og utvikling må koordinerast ut frå eit best mogeleg samspel mellom desse.

Hovudplanen vil vere ein overordna plan for avlaup i kommunen. Dei seinare åra har det også vore gjort mykje på samferdsle og VA-utbygging, spesielt rundt område Øystese og Norheimsund. Planen er nødvendig for å ta med seg endringane som er gjort, og ikkje minst for å fastsetje kva som er viktigaste tiltaka for å ta hand om avlaupet i ulike delar av kommunen framover.

3.0 FØRINGAR OG MÅL MED PLANARBEIDET

Hovudplan for avlaup vil danne grunnlag for den overordna og langsiktige styringa og kontrollen av avlaup i Kvam herad. Den vil også vere underlag for utvikling av tettstadane og bygdene i kring, inkludert samarbeid med eventuelt nabokommunar.

Ei overordna målsetjing i Kvam er at *avlaupsvatn skal takast hand om slik at det ikkje oppstår miljøskade eller sjenerande tilhøve som følgje av utslepp.*

Dette målet er gjeldande både for Kvam herad sine anlegg, men også private anlegg.

Forureiningsforskrifta set krav (kp 12, 13 og 14) og viser kven som har tilsynsmyndet i dei ulike reinseområda. I Kvam herad er området frå Kvamskogen, Norheimsund og Øystese definert som eit «større» reinseområde. I slike større reinseområde er Fylkesmannen tilsynsmynde. I resterande deler i kommunen er Kvam herad tilsynsmynde. Kvam herad har krav på seg til å byggje eit nytt reinseanlegg for det «større reinseområdet» innan 31.12.2015. Fristen for dette er no forlenga. Det er tidlegare bestemt i HST at dette reinseanlegget skal liggje på Notaneset i Øystese.

Ei av hovudføringane i planarbeidet er å sanere/oppgradere leidningsnett i tettbygde strøk for å samle mest mogeleg av avlaupsvatnet, og å skilje ut overvatn. For å få dette til må, det utarbeidast overordna saneringsplanar (teikningar) for områda som er tettast befolka.

Målet med arbeidet skal vere å utarbeide ein rapport tilsvarande som for 2006-2014, med tilleggsinformasjon bl.a. knytt til klimatilpasning, tilpassing til Vassdirektivet, handtering av overvatn og større fokus på HMS.

Andre overordna planar :

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommuneplanen sin arealdel
- Overordna ROS-analyse for Kvam herad
- EU sitt vassdirektiv
- Kommunedelplan for Kvamskogen og avtaler om samarbeid med Samnanger (under utarbeiding)
- VA- norm for Hardanger
- Sanitærreglement for Kvam herad.

Kommunen kan ikkje sjå utviklinga av avlaupsplanen isolert. Det vert difor anbefalt at arbeidet knytt til drikkevassplanen vert utført samtidig, med om lag same deltagarane og rådgjevar. Ein sikrar då godt samspel mellom planane.

Kommunedelplanen skal ha ein tiltaksdel (handlingsdel) som skal koordinerast med kommunen sitt langtidsbudsjett med økonomiplanen for dei neste 4 åra. Denne skal rullerast kvart år og skal fungera som eit ”overordna styringsverkty”.

Ny plan skal ha inndeling som i dag og i tillegg ha informasjon om dei nye tiltaka og måla. Statlege lov- og regelverk som grunnlag for drift skal koma tydleg fram. Eigne reglar og praksisar som Kvam herad har gjort gjeldande for si drift skal på same måte omtalast og tydeleggjerast. Det skal

utarbeidast digitale teikningar der dei eksisterande og prosjekterte hovudleidningar og større anlegg er vist. Hovudleidningar frå og med 150 mm og større, reinseanlegg, pumpestasjonar, viktige overløp, fordrøyningsbasseng, målekummar og utspyllingar skal gå fram av teikningane. Det skal utarbeidast liste over kva prosjekt/tiltak som skal prioriterast, når arbeid skal skje og til kva estimert kostnad. Det kan også vere aktuelt å liste andre tiltak, til dømes for å betre leidningskartverk eller fornye anna naudsynt teknisk utstyr.

4.0 TEMA SOM SKAL UTGREIAST I KOMMUNEDELPLANEN

Fleire tema er viktige i arbeidet med ny kommunedelplan. Eit av dei viktigaste punkta er tidsplan for gjennomføring av tiltak. Med mange svært gode prosjekt som er ynskjeleg å gjennomføre, må det prioriterast mellom desse. Dette vert ei viktig politisk oppgåve etter at forslag til ny hovudplan er utarbeida. Det er naudsynt med ei oppdatering og ein gjennomgang av status på avlaupsforholda i ulike bygder frå førre kommunedelplan (2006-2014) og evt nye anlegg eller behov som har kome til i ettertid. Den generelle tilstanden både på kommunale anlegg må kartleggast. Tema som må utgreiast for dei kommunale anlegga er:

- **Generell tilstand**

Kartleggje og beskrive tilstand for eksisterande leidningsanlegg, tekniske installasjonar (t.d. pumpestasjoner, overløp og reinseanlegg), avlaupsmengder og planlagde tiltak.

- **Oppdatere og utarbeide overordna saneringsplanar for tettbefolka område**

Eksisterande saneringsplanar/kart frå tidlegare rapport skal gjennomgåast og oppdaterast.

- **Kapasitetsauke og fornying**

Kartlegge behovet evt. kapasitetsauke og fornying av eksisterande og for nye leidningsanlegg, pumpestasjonar, avlaupsanlegg, fordrøyningsbasseng mm.

- **Klimatilpassing**

Kartlegge korleis auka intensitet på nedbør og evt havnivåstigning påverkar avlaupshandtering og føreslå tiltak mot dette. Deler av overvass-systema der det er fellesrør med kloakk må sjåast på. Vurdering av overvatn andre stader må inngå i andre kommunale planar.

- **Samkøyring av utbygging og fornying**

I samband med drikkevassplanen og gjeldande utbyggingsplanar t.d. Kvammapakken, areal- og utbyggingsplanar. Tiltak som fremjar utvikling og der fleire samfunnsinteresser vert ivaretake må prioriterast i tiltaksplanen.

- **HMS og ROS-analyse**

Kartleggje om det er behov for å gjennomføre ROS-analyse på leidningsstrekk, pumpestasjonar eller reinseanlegg og gjennomføre desse.

- **Gjennomgå retningslinjer for private anlegg**

Retningslinjer for utslepp frå private anlegg t.d. minireinseanlegg, septikk, olje og fettutskiljar må omtalast i rapport og vurdering av kva krav som skal stillast til private avløpsanlegg (avløp i spreidd bebyggelse)

- **Berekning av konsekvensar og kostnader for avlaupsgebyr**

Vurdere avgiftene fram i tid med tiltaka som ligg føre.

- **Forhold til brukarane**

Føreslå forbetringar som gjeld kundebehandling, informasjon og omdømme.

- **Tidsplan og prioritering**

Vurdering for utføring av viktigaste kommunale tiltak er viktig og kva strategi ein skal velje for fornying av leidningsnettet.

- **Overvassproblem**

Kartleggje og beskrive dei områda der ein har kapasitetsproblem i felles system mellom overvatn og avlaup, eller område som treng overvassfjerning.

5.0 PLANPROSESSEN

Gjennom planprosessen skal dei ulike vegvala og ambisjonane vera tydeleg. Ein grundig analyse skal liggja til grunn for kva val kommunen gjer.

Oppstart: Fastsetjing av planprogram, varsel om igangsetting av planarbeid og igangsetting av analyse av kommunen, medverknad.

Utarbeiding: Analyser, utredningar og plandokument, medverknad.

Høyring: Offentleg ettersyn, medverknad.

Godkjenning: Vedtak av plan.

Tabellen under viser tidsplan for arbeidet fram mot vedteken kommunedelplan for avlaup. Undervegs i prosessen kan det vere naudsynt å gjere justeringar.

5.1 FRISTAR

| Aktivitet (Avlaupsvatn) | 2015 | | | | | | 2016 | | | | | | | | | | | |
|---|------|---|---|---|---|---|------|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | J | A | S | O | N | D | J | F | M | A | M | J | J | A | S | O | N | D |
| Utarbeide forslag til planprogram | | ➡ | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Politisk behandling av planprogram - vedtak | | ● | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Høyring - forslag til Planprogram | | | ➡ | | | | | | | | | | | | | | | |
| Eventuelle endringar i programmet | | | | ➡ | | | | | | | | | | | | | | |
| Vedtak Planprogram | | | | ● | | | | | | | | | | | | | | |
| Anbodsrunde mot konsulent | | | | ➡ | | | | | | | | | | | | | | |
| Analyse og utgreiing av prosjektgruppe | | | | | ➡ | | | | | | | | | | | | | |
| Samanstilling av hovedplan | | | | | | | | | | | | ➡ | | | | | | |
| Politisk behandling av planforslag 1. gong | | | | | | | | | | | | ● | | | | | | |
| Høyring av planforslag | | | | | | | | | | | | | ➡ | | | | | |
| Eventuelle endringar | | | | | | | | | | | | | ➡ | | | | | |
| Politisk behandling av planforslag 2. gong | | | | | | | | | | | | | ● | | | | | |
| Vedtak og kunngjering | | | | | | | | | | | | | | ★ | | | | |

5.2 DELTAKARAR OG ORGANISERING

Planarbeidet vert administrert og styrt av Kvam herad. Kommunen vil i tillegg knyte til seg ein rådgjevar/konsulent som sekretær i arbeidet og for å bistå med vurdering av alternativ og utarbeidning av rapport. Det vert lagt opp til minimum 5 møter i arbeidsgruppa med 1 månad i mellom arbeidsmøta. Det vert og anbefala at ein får med ein representant.

Fylgjande personar vert involvert i arbeidet med hovudplan for vassforsyning:

Styringsgruppe *Kommuneplannemnd (Formannskapet)*

Prosjektansvarleg: Rådmann Arild Steine
Prosjektleiar: Teknisk sjef Lars Ese Ur
Prosjektmedarbeidar: VA-ingeniør: Jarle Ystebø

Prosjektgruppe frå administrasjonen

- | | |
|------------------------|------------------------------|
| - Arne Aksnes | (Kommuneoverlege) |
| - Nils Eivind Stranden | (Leiar for kommunalteknikk) |
| - Leiv Ingmar Kaale | (Planleggjar) |
| - Erling Eid | (Driftsleiar vatn og avlaup) |
| - Jarle Ystebø | (VA-ingeniør) |
| - Eivind Dyrøy | (prosjektkonsulent økonomi) |
| - VA-rådgjevar NN | (sekretær for gruppa) |

6.0 MEDVERKNAD

Forankringa av planarbeidet frå kommunen sine politikarar, innbyggjarar og næringsliv og andre interesser er ein viktig del av planarbeidet

Det vert derfor lagt opp til informasjon og høve til medverknad og innspel på følgjande vis:

- Forslag til planprogram (dette dokumentet) vert send på høyring og vert lagt ut til offentlig ettersyn. Det vert gjeve høve for innspel til både planprogrammet og planarbeidet generelt.
- Forslaget til kommunedelplan vil på same måte verte lagt ut for høyring og offentlig ettersyn med høve for innspel før endelig politisk vedtak.
- I tillegg kan det vere aktuelt med spørjeundersøking, intervju og arbeidsmøter. Dette vert eventuelt bestemt av arbeidsgruppa.

7.0 ALTERNATIV SOM VERT VURDERT


For enkelte av forholda som skal utgriast, kan det eksistera fleire alternative løysingar. Dersom det eksisterar fleire løysingar, vil det verte gjort ei vurdering av dei ulike alternativa sine konsekvensar for kostnader, miljø og samfunn.

8.0 PLANOMRÅDE

Planen vil omfatte alle avlaupsanlegg i Kvam, også private. Det er større kommunale avlaupsanlegg i Kvam i desse utvida områda:

- Ålvik
- Øystese
- Norheimsund
- Steinsdalen
- Vikøy
- Tørvikbygd
- Strandebarm
- Oma
- Kvamskogen

Avløpsområde med grøne kommunale leidningar som ligg innanfor kap 14 i forureingsforskrifta og vert rekna som eit utsleppsområde,Kvamskogen, Norheimsund (tom Kaldestad) og Øystese (tom Rykkje)



9.0 PLANPERIODE

Kommunedelplanen skal utarbeidast med handlingsprogram for planperioden 2016-2023.

Langsiktige løysingar for avlaupshandtering vert lagt til grunn (utbyggingstakt, framtidig behov og liknande).

10.0 FORHOLD TIL KONSEKVENSUTGREIING

Det syns ikkje å vere behov for konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova i samband med kommunedelplanen. Dette skuldast at planen i seg sjølv ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiing paragraf 2,3 og 4

11.0 FERDIG KOMMUNEDELPLAN

Den ferdige kommunedelplanen vil bestå av ein hovudrapport som skal innehalde bl.a. fylgjande:

- Rammebetingelsar
- Situasjon og tilstandsskildring
- Målsetningar
- Tiltaksvurdering med tilhøyrande kostnadsoverslag
- Vurdering av klimatilpasning
- Prioritert aktivitetar og handlingsprogram i perioden
- Gebyrutvikling